



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029

**Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst,
vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande**

Vedteke i fylkestinget juni 2018

Innhald

KYSTEN TEK SATS I LAG!	2
1. <i>Etablere eit kystråd</i>	2
2. <i>Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone</i>	2
3. <i>Knyte saman kysten med betre infrastruktur</i>	3
4. <i>Auke skaparkrafta og evna til nyskaping</i>	3
PLANPROSESSEN	5
Medverknad	5
Innspel frå medverknadsprosessen	5
Politiske vedtak undervegs.....	6
KUNNSKAPSGRUNNLAGET – KORTVERSJON.	7
<i>Bu og leve på kysten</i>	7
Gjeldande planar og kunnskapskjelder	7
Kunnskap, analyser og erfaringar	7
Potensial for utvikling	8
<i>Næringane på kysten</i>	9
Gjeldande planar og kunnskapskjelder	9
Kunnskap, analyser og erfaringar	9
Potensial for utvikling	10
<i>Samferdsle</i>	11
Gjeldande planar og kunnskapskjelder	11
Kunnskap, analyser og erfaringar	11
Potensial for utvikling	12
<i>Naturmangfald og friluftsliv</i>	13
Gjeldande planar og kunnskapskjelder	13
Kunnskap, analyser og erfaringar	13
Potensial for utvikling	13
VEDLEGG	15
<i>Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029, Kunnskapsgrunnlag</i>	15

Kysten tek sats i lag!

Målet med regional strategisk plan for kysten er: **Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande.**

Kommunane og næringane på kysten, i lag med fylkeskommunen, meiner meir forpliktande samarbeid og meir kartlegging av ressursane i kystsona er avgjeraende for å nå målet.

Under er tiltaka presentert, og initiativtakarar for oppfølging av tiltaka er fordelt på Kystrådet og fylkeskommunen. Strategien er kraftig spissa for å gjere den konkret og realistisk å gjennomføre. Dette er gjort etter ønskje frå dei som har delteke undervegs i planprosessen.

Sist i dokumentet er det gitt ei oversikt over planprosess, medverknad og samandrag av kunnskapsgrunnlaget. Komplett kunnskapsgrunnlag ligg på nettsida til fylkeskommunen.

1. Etablere eit kystråd

Kystkommunane etablerer eit kystråd, der ordførarane sit i styret. Eit slikt forpliktande samarbeid skal jobbe for prioritering av kysten, og sikre merksemd og oppfølging av felles lokale/regionale satsingar i kampen om sjøareala, etablering av infrastruktur, samt skaparkraft og nyskaping. Samstundes skal kystrådet bidra til at kysten står sterkare saman for å påverke rammevilkåra for utvikling, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Tiltak	Initiativtakar	Støtte	Tid
Etablere kystråd med 4 årlege møte.	Gulen kommune etablerer arbeidsgruppe med Askvoll og Kinn.	Kystkommunane Fylkeskommunen	Etablerast i 2018
Arbeide for aktiv posisjonering av kysten i det nye vestlandsfylket.	Kystrådet	Fylkeskommunen	2018-2021
Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten	Kystrådet	Fylkeskommunen	2018-2021

2. Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone

Marin grunnkartlegging og marinbiologisk kartlegging vert fullført langs heile kysten av Sogn og Fjordane. Dette for å sikre oppdatert kunnskapsgrunnlag for seinare felles/samordna arealplanlegging mellom kommunane, slik at best eigna areal vert sett av til næringsutvikling, uavhengig av kommunegrenser og den enkelte kommune sine planressursar.

Tiltak	Initiativtakar	Støtte	Tid
Fullføre marine grunnkart Florø og nordover. Fullføre multikriterieanalyse for heile fylket.	Fylkeskommunen	Kystrådet + aktørar i spleiselag	2018
Sette i gang arbeidet med marine grunnkart frå Askvoll og sørover.	Fylkeskommunen	Kystrådet + aktørar i spleiselag	Oppstart 2018

Behovsavklaring på marinbiologisk kartlegging, og lage handlingsprogram for gjennomføring.	Fylkeskommunen	Kystrådet + aktørar i spleiselag	Oppstart 2018
Utvikle ein arena for kompetansebygging/informasjonsutveksling mellom representantar for arealkrevjande næringer og lokalpolitikarar langs kysten	Kystrådet	Fylkeskommunen	2018-2021
Avklare tema for felles og/eller samordna planlegging.	Kystrådet	Fylkeskommunen	Oppstart 2018
Felles og/eller samordna planlegging.	Kystrådet	Fylkeskommunen	Oppstart 2019

3. Knyte saman kysten med betre infrastruktur

Å etablere felles satsing på betre infrastruktur for å utvide bu-, arbeids- og serviceområde (BAS-områda) langs kysten også utover fylkesgrensene. Dette er avgjerande for å auke attraktiviteten for næringsutvikling og busetjing. Det må gjerast eit langsigkt arbeid for å realisere betre infrastruktur nord-sør og betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere betre digital infrastruktur.

Tiltak	Initiativtakar	Støtte	Tid
Realisere regional transportplan med handlingsprogram 2018-2021, for kystveg, hamner, gods og persontransport på sjø og breibandsatsing.	Fylkeskommunen	Kystrådet	2018-2021
Arbeide for auka persontrafikk med båt langs kysten.	Kystrådet	Nærings-organisasjonane	2018-2021
Etablere semje langs kysten om prioriteringane inn mot neste handlingsperiode 2022-2025. Dette gjeld særskilt kystveg, hamner, farleier, gods og persontransport på sjø og breibandsatsing.	Kystrådet	Fylkeskommunen/Nærings-organisasjonane	2018-2021
Støtte og følgje opp kystverket sitt arbeid med farleitiltak inn mot ny NTP, samt tilskotsordningar innan godsoverføring og hamnesamarbeid langs kysten.	Kystrådet	Fylkeskommunen/Nærings-organisasjonane	2018-2021
Arbeide med attraktivitet for næring og bustad gjennom felles senter og tettstadsutvikling og utvikling av bu-arbeids og serviceområde langs kysten.	Kystrådet	Fylkeskommunen	2018-2021

4. Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Auka samarbeid på alle plan i næringsutviklingsarbeidet for å gi næringsaktørane betre tilgang til kompetanse og kapital, samt forståing for å gjere seg nytte av moglegheitene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid mellom forvaltninga og næringslivet. Betre dialog for å sikre bruk av støtteordningar (til dømes Innovasjon Norge og Norges forskningsråd), som via næringsorganisasjonar og næringsaktørane sjølvé gir realiserte nye prosjekt. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjerande for å vere attraktive for tilflytting.

Tiltak	Initiativtakar	Støtte	Tid
Realisere mål og tiltak i verdiskapingsplanen for å auke lokal verdiskaping og evne til nyskaping.	Fylkeskommunen Partnarskapen i verdiskapingsplanen	Kystrådet	Handlings- planperioden
Etablere semje langs kysten og påverke prioritering av kysten sine interesser særskilt knytt til havnæringane og det grøne skiftet i revidert verdiskapingsplan. Spesielt aktuelt er: <ul style="list-style-type: none"> • arbeid med nullutsleppsbåtar t.d. Hydrogensatsinga. • arbeid med utdanning innan marin og maritim næring 	Kystrådet	Fylkeskommunen Partnarskapen i verdiskapingsplanen	2018
Arbeide for organisering av næringsorganisasjonar og tiltaksapparat innan næringsutvikling som speglar organiseringa av kystrådet.	Kystrådet	Fylkeskommunen Næringsorg. Tiltaksapparat	2018-2020
Ta i bruk tilgjengelege verkemiddel for å fremje internasjonal finansiering av utviklingsprosjekt, og få fram slike prosjekt.	Kystrådet	Fylkeskommunen Næringsorg. Tiltaksapparat	2018-2020
Avklare næringane på kysten sine arealbehov slik at dei kan leggast til grunn i langsigktig arealplanlegging.	Kystrådet	Fylkeskommunen og Fylkesmannen	2019

Planprosessen

Medverknad

Planarbeidet involverer mange og figuren på sida viser organiseringa. I samsvar med planprogrammet er det gjennomført ein prosess med referansegruppe, strategigruppe og ulike temagrupper.


Prosjektgruppa har følgt opp det daglege planarbeidet og rapportert til leiargruppa og planutvalet i fylkeskommunen.

Sentrale i utforming av kunnskapsgrunnlaget og strategiar har vore referansegruppen, med planleggarar frå kommunane-, og regionale styresmakter, og strategigruppa med ordførarane frå alle kommunane.

Undervegs vart det oppretta fire temagrupper som har delteke i arbeidet med å identifisere utfordringar og moglegheiter.

Undervegs i prosessen er det sett saman eit kunnskapsgrunnlag basert på gjennomgang av kjent kunnskap i fylkeskommunen sine planar og analyser, supplert med informasjon frå andre relevante utgreiingar og analyser innan dei aktuelle tema.

Kunnskapsgrunnlaget er bygd opp etter same mal som planprogrammet, men med ei tydeleg prioritering av dei mest relevante tema. Her har temagruppene spelt ei viktig rolle.



Figur 1-1: Organisering av arbeidet med regional strategisk plan for kysten.

Innspel frå medverknadsprosessen

Medverknadsprosessen som er gjennomført i planarbeidet er kanskje den viktigaste føringa frå planprogrammet. Ein strategi må forankrast om ein skal lykkast med gjennomføring. Tilbakemeldinga frå dei ulike gruppene som har delteke i arbeidet kan oppsummerast slik:

- Ein del pågåande planar/strategiar/satsingar er for lite kjent og det trengs ei meir spissa og koordinert satsing på kysten sine moglegheiter.
- Felles vilje og politisk semje på kysten må etablerast for å kunne påverke pågående og nye satsingar i sterkare grad.
- Det må etablerast eit felles kunnskapsgrunnlag om havområda, som grunnlag for samordna arealplanlegginga på kysten. Planlegginga må skje i dialog med dei som vil nytte areala til bruk eller vern.
- Kysten har potensiale innanfor nesten alle område som er peika ut som framtidsnæringer. Eit felles tiltaksapparat for næringsutvikling på kysten kan vere naudsynt for å nytte potensialet fullt ut.


Politiske vedtak undervegs

På grunnlag av planprosessen og kunnskapsinnhentinga så langt, peika strategigruppa og referansegruppa ut sentrale tema/område som grunnlag for utarbeiding av strategiar.

Dei ulike strategiområda vart presentert for planutvalet 22. november 2017 (sak 15 / 8187 – 60). Strategiområda er vist i figuren på sida.

Planutvalet gjorde følgjande vedtak:

- Planutvalet sluttar set til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor.
- Planutvalet er oppatt av at strategiarbeidet skal kunne sette dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre av dei supplerer kvarandre og evt dekker område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare. Dersom strategiarbeidet i nokon grad kan komme til å utfordre prioriteringar i andre planverk, må ein vurdere dette, og med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020. Vidare må ein vurdere samanhengen med utviklingspotensialet i det nye fylkes frå 2020.



Figur 1-3: Dei ulike strategiområda presentert i planutvalet 22. november 2017

Fylkesutvalet vedtok i møte 7. mars 2018 (sak 26/18) å legge høyringsutkastet til Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 24.04.2018, jf. plan- og bygningslova § 8-1 til 8-4.

I løpet av høyringsperioden kom det inn 22 høyringsinnspele med kring 60 innspele. Basert på høyringsinnspele blei det utarbeida eit nytt planframlegg.

Det nye planframlegget blei handsama i fylkesutvalet den 31. mai 2018 i sak 59/2018. Fylkesutvalet rådde samråystes fylkestinget til å vedta planen slik den ligg føre og at kommunane sin del av dei ubrukta midlane blir overført kystrådet. For meir informasjon sjå møteprotokoll på sfj.no.

Fylkestinget handsama planframlegget i junimøtet i sak 27/2018 og endeleg vedtak blei som følgjer:

1. Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Kommunane sin del av dei ubrukta midlane til planarbeidet står på konto i fylkeskommunen til kystrådet er etablert. Midlane vert då overført rådet.

På dei neste sidene kjem samandrag av kunnskapsgrunnlaget som følgjer strategien. Den er bygd opp med fokus på kva som finst av gjeldande planar og kunnskapskjelder, analyser og erfaringar, vidare med aktørane sine innspele til arbeidet og for kvart kapittel er det identifisert dei moglegheitene/strategiområda som så langt peikar seg ut for kysten av Sogn og Fjordane.

Kunnskapsgrunnlaget – kortversjon

Bu og leve på kysten

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Fylkeskommunen har ei rekke planar og strategiar (med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag) som har betyding for temaet «*Bu og leve på kysten*». Dei viktigaste er lista opp under:

- *Regional planstrategi 2016-2020* (vedteken i fylkestinget 14.06.2016) listar fem hovudutfordringar for Sogn og Fjordane: 1) Globalisering og sentralisering, 2) Migrasjon og inkludering, 3) Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad, 4) Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet og 5) Klimautfordringane.
- *Regional plan for folkehelse 2015-2025* (vedteken i fylkestinget 16.06.2015). I denne planen skal det satsast på dei fem områda: 1) Lærande organisasjonar i plan og samfunnsutvikling, 2) Gode bu og nærmiljø, 3) Helsefremjande barnehagar og skular, 4) Trivselsfremjande fritid og 5) Helsefremjande arbeidsliv.
- *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012–2015* som viser korleis ein kan vidareutvikle og avklare vidaregåande opplæring si rolle som regional utviklingsaktør.
- *Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013–2024* som gjeld organisering av den vidaregåande opplæringa.
- *Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017* som listar konkrete tiltak som skal bidra til å nå måla i mål- og strategidokumentet. Innsatsområda gjeld kvalitet på opplæring i 1. Fellessatsinga bedrift – skule, 2. Skule og 3. Bedrift.

I tillegg er følgjande planar og strategiar under arbeid:

- *Regional plan for kultur 2019-2022* er under arbeid, og skal etter planen bli vedtatt i fylkestinget i oktober 2018. Hovudmålsetjinga med planen er at kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn, samt at fylket skal ha nasjonale, regionale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn innanfor kultur. Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert tekne inn i Regional plan for kultur.
- *Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling* er under arbeid, og skal vedtakast i fylkestinget i april 2018. Hovudmålsetjingane med planen er å betre attraktiviteten i tettstadane, samt styrke bu-, arbeids- og service (BAS)-regionane i fylket.


Dei sentrale utfordringane for kysten er i stor grad identifisert i gjeldande og pågående planarbeid som vist ovenfor. I tillegg må Verdiskapingsplanen nemnast då den har viktige handlingspunkt knytt til arealplanlegging og kompetanseutvikling. I dette samandraget ser vi nærmare på folketalsutvikling som ein viktig indikator på utviklinga i kystkommunane.

Kunnskap, analyser og erfaringar

Folketalsutviklinga i perioden 2010-16 er svakare i kystkommunane enn i Sogn og Fjordane som heilskap. Som figuren under syner er netttotala for innanlands flytting negative igjennom heile perioden. Trenden mellom 2012 og 2016 gjekk i retning av mindre nettoutflytting, men tala for 1., 2. og 3. kvartal 2017 tyder på at nettoutflyttinga vil gå tilbake til nivået det låg på mellom 2010 og 2012. Fødselsoverskotet har vore negativt i fem av dei siste sju åra, men tala er små og har i det store og heile liten betyding for folketalsutviklinga sett under eitt. Innvandringa har meir enn kompensert for tapa forårsaka av flytting og fødselsunderskot, og slik sørger for positiv folketalsutvikling. Spesielt har

innvandringa vore viktig for å halde oppe folketalet i arbeidsfør alder, sidan både dei som flyttar ut og dei som innvandrar hovudsakleg tilhøyrar desse aldersgruppene.

Den framtidige folketalsutviklinga i kystkommunane vil vere svært avhengig av nivået på innvandringa og utflyttinga. Dersom nivået på utflyttinga vil vere likt åra 2010-2012 vil folketalet i kystkommunane vere avhengig av høg innvandring for å hindre at folketalet fell. Dersom ein derimot lukkast med å forlenge den positive trenden for flytting som var mellom 2012 og 2016 vil innvandringa i staden bidra til folketalsvekst i kommunane. Utfordringa blir at arbeidsinnvandringa frå EØS er relativt låg samanlikna med tidlegare år, og innvandringspolitikken er skjerpa.



Figur 2-1: Folketalsutvikling i kystkommunane 2010-2016. Kjelde: SSB

Potensial for utvikling

Mellom anna Telemarksforsking sine analysar stadfestar at arbeidsplassvekst, arbeidsmarknadsintegrasjon¹ og bustadbygging er dei tre faktorane som har sterkest positiv korrelasjon med nettoflytting. Dette peikar vidare på at kysten må gripe tre sentrale moglegheiter:

- Næringsutvikling knytt til sjøen. Her har kysten opplagt det beste utgangspunktet i fylket.
- Auke arbeidsmarknadsintegrasjonen ved å forbetre infrastrukturen. Her har kysten tydelege utfordringar.
- Legge til rette for attraktive bustadområde tilpassa samfunnsutviklinga og etterspurnaden i marknaden. Dette er sentralt for alle område med ambisjonar om vekst.

¹ Kor godt arbeidsmarknaden heng saman mellom kommunar i same region.

Næringane på kysten

I følgje regeringa sin havstrategi (25) er Norge i verdstoppen innan avansert olje- og gassutvinning, skipsfart og eksport av fisk og sjømat, med ein leverandørindustri heilt i verdklasse. Norge er også i front når det gjeld havforskning og ansvarleg forvaltning av havet sine ressursar. Alt dette er viktige næringar på kysten av Sogn og Fjordane, men med varierande storleik både når ein ser på sysselsetting, omsetnad og verdiskaping. Også her i fylket ser ein aukande grad av samarbeid mellom dei ulike bransjane. Dette vert trekt fram som ein viktig suksessfaktor for framtida.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Fylkeskommunen har Verdiskapingsplanen (2014) som det sentrale verktøyet i arbeidet for å gi næringsvekst. Planen er opptatt av at arbeidsplassveksten må skapast gjennom ringverknader frå dei sterke primær- og sekundærnæringane vi har. Planen har eigne satsingar innan mellom anna:

- Kunnskap, for mellom anna å styrke kvaliteten og relevansen på forsking og utdanning til auka nytte for næringsliv og offentleg forvaltning.
- Fornybar energi, mellom anna for å auke lokale leveransar, innovasjon og kunnskapsutvikling basert på lokale ressursar.
- Sjømatnæringar, for mellom anna å auke verdiskapinga i verdikjeda frå hav til bord.
- Reiseliv, for å auke verdiskapinga på ein berekraftig måte og skape fleire heilårs arbeidsplassar.
- Olje/gass, for å skape vekst i petroleumsrelatert verksemd i fylket,
- Landbruk, for å auke verdiskapinga basert på lokale ressursar.

I tillegg til Verdiskapingsplanen har fylkeskommunen ei rekke andre planar og strategiar som også er viktige premissjevarar for næringsutviklinga. Andre viktige planar er Regional transportplan og Regional plan for klima og miljø (blir erstatta av Regional plan for klimaomstilling frå sommaren 2018). Desse planane er omtalt i andre kapittel i samandraget.

Kunnskap, analyser og erfaringar

Regjeringa sin Havstrategi (25) (2017) legg opp til stor vekst innan havnæringane. Kystkommunane har sterke aktørar innan både maritime, marine og olje/offshore/petroleumsnæringane, og Sogn og Fjordane har ei viktig rolle. Samstundes viser analysar at det både er store utfordringar og store moglegheiter for vekst i horisonten. Nasjonal og internasjonal konkurranse vert stadig sterkare, og framtidas marknader må ein i nokon grad skape sjølv. Riktig og ny kompetanse er ein avgjerande faktor. Olja og tradisjonelt fiskeri/oppdrett er eit viktig grunnlag, men næringane treng å dra meir nytte av kvarandre for å lykkast framover. Ein må tenke nyt og meir på tvers. Dette ser ut til å skilje oss frå andre sterke næringsregionar i landet, kor samarbeid på tvers av næringssektorar har kome lengre. Nye marknadsområde vert etablert i aukande tempo.

Dei eksisterande lokale/regionale planar og satsingar er for lite retta inn mot kystkommunane og næringslivet på kysten sine utfordringar – dette er tilbakemeldinga frå fleire næringsorganisasjonar, bedriftsleiarar, forvaltning som Fiskeridirektorat og Kystverket, samt kystkommunane sjølve. Dei ynskjer konkrete lokale/regionale satsingar med verkemiddel som kan gjere at aktørane lettare kan engasjere seg i å realisere dei.

Dei viktigaste tilbakemeldingane er at det trengs:

- Auka samarbeid, mellom næringsaktørar/bransjar og mellom næring og forvaltning for å kunne gripe moglegheitene og skape ny utvikling.
- Auka næringssokus i kompetanseutviklinga og auka samarbeid mellom næringslivet og utdanningsinstitusjonar.

- Større arbeidsmarknadsintegrasjon langs kysten for at kystkommunane skal vere attraktive nok for busetting og næringsvekst.
- Auka fokus på sjøvegen som transportåre for person og gods.
- Betre avklaring av arealbruk i kystsona slik at næringane har «forutsigbare» rammer for utvikling.


Potensial for utvikling

Det er store synergiar i å hente i å gjere seg nytte av kompetansen som ligg i dei ulike næringane på kysten, særskilt innafor industri, olje/gass, sjømat og fornybar energi. Meir samarbeid og meir utveksling av kompetanse næringane mellom og tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonane gjev nye moglegheiter som alle fell innanfor regjeringa sin havstrategi.

Felles arealplanlegging langs kysten for å gjere avklaringar om arealbruken på overordna nivå. Ein kan ikkje la utviklinga bli hindra av kommunegrenser og planressursar. Her kan kommunane og fylkeskommunen saman, i samråd med næringane, gjere eit arbeid for å sikre riktige, berekraftige og framtidsretta val.

Samferdslesatsingar som ikkje berre handlar om veg, men også sjøtransport nord-sør langs kysten må styrkast. Dette vil gi ein større bu- og arbeidsmarknad, og auke attraktiviteten både til næringslivet og til busetting. Forbetring av den digitale infrastrukturen på kysten opnar også nye moglegheiter.

For at ein skal kunne skape entusiasme og drivkrefter for ein strategisk plan, må strategiane vere konkrete nok til at aktørane kan bidra til realiseringa. Verdiskapingsplanen kan konkretiserast og spissast meir inn mot kysten sine utfordringar og moglegheiter.



Figur 3-14: Verdiskaping og overlapp mellom dei havbaserte næringane, i mrd. 2014-kr (Kjelde: Maritim21, 2016)

Figuren over viser den totale verdiskapinga i dei norske havbaserte næringane i 2014, ikkje inkludert olje- og gasselskapa (Kjelde: Maritim21. En helhetlig maritim strategi for forskning, utvikling og innovasjon, 2016). Frå 2004 til 2014 var veksten i verdiskapinga på 175 prosent, og det er eit stort overlapp mellom næringane. Overlappinga mellom maritim næring og sjømatnæringa meir enn dobla seg i same periode. Å sjå kystnæringane i samanheng gir moglegheiter for å utnytte synergiar. Havnæringane kan lære av kvarandre, utnytte teknologi og utvikle produkt og tenester på tvers av sektorar og marknader (Frå Maritim21).

Samferdsle

Samferdsle er ein avgjerande føresetnad for at kystkommunane skal lukkast i sine ambisjonar om vekst. Ein større BAS-region er det som kan gjere kysten av Sogn og Fjordane meir attraktiv for ny busetting og nyetableringar i næringslivet.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018 – 2027 inneholdt mål for alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar og tiltak for å nå dei overordna måla. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine eigne prioriteringar og innspel/føringar til prosessar som gjeld fylket men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Transportplanen legg mål og prioriteringar for fylkesvegane, kollektivtrafikk, trafikktrygging, næringstransport (også breiband), skredsikring og statleg infrastruktur.

Viktige satsingar for kysten:

- Når det gjeld fylkesvegstrekninga Svelgen-Indrehus ligg den inne på investeringsprogram for perioden 2018 – 2021 med ei oppstartsløying på 15 mill. kr i 2020 og 150 mill. kr i 2021. Resten av prosjektet må finansierast etter 2021.
- Fylkeskommunen vil gjennomføre godsanalyse for å finne fram til potensialt for overføring av gods frå veg til sjø. Ein vil også opprette tilskotsordning for vedlikehald av fiskerihamner.
- Fylkeskommunen vil påverke og støtte kystverket sitt arbeid med utbetring av farleier
- Når det gjeld kjøp av regionale flyruter er det bestemt at fylkeskommunen skal overta ansvaret for kjøp av regionale flyruter frå 2020.

Strategi for breiband i Sogn og fjordane 2016-2020, slår fast at fylket gjennom fleire år har hatt dårlegast dekning av neste generasjon breiband i landet. Etter stor samordna innsats er dette i ferd med å betre seg noko, men framleis står mykje att. Strategien målber at alle i fylket skal ha tilgang til andre generasjons breiband innan 2020. I tillegg er det sett mål om opp- og nedlastingskapasitet til ulike brukargrupper.

Når det gjeld farleier ligg det føre Sjøsikkerhetsanalyse som grunnlag for NTP, Kystverket sitt handlingsprogram (vedteke) og Farledsgjennomgang Florø-Stad. I 2018 skal Kystverket dele ut 75 mill. kr i tilskot til etablering av sjøbaserte godsruter. I tillegg ligg det føre Nasjonal hamnestrategi og her må det nemnast at ansvaret for hamner vert overført frå staten til fylkeskommunane frå 2020.

Kunnskap, analyser og erfaringar

Ser ein på Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) som er vedteken i Stortinget sommaren 2017, er det ikkje mykje som er tenkt realisert på kysten av Sogn og Fjordane. Einaste, men like fullt særskilt viktige tiltak for både samferdsle og reiseliv er Stad Skipstunnel som ligg inne med midlar til investering.

Regional transportplan 2018 – 2027 vart vedteke av fylkestinget desember 2017. Gjennom handsaminga av RTP har fylkestinget fastlagt framtidig trase for Kystvegen. Statens vegvesen arbeider i hovudsak kring små tiltak på vegstrekningar, mens dei store prosjekta gjeld E39.

Næringsliv og kommunane på kysten etterspør felles auka satsing på samferdsle for å utvide busettings- og serviceområda langs kysten. Dei ynskjer eit langsiktig arbeid for å realisere kystvegen og på kort sikt betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere betre digital infrastruktur.

Potensial for utvikling

Realisering av kystvegen Måløy-Florø aukar potensiale for utvikling ved å styrke bu- og arbeidsmarknaden mellom næringsmessige tyngdepunkt på kysten.

Betre kommunikasjon sørover på kysten frå Florø gjennom realisering av kystveg/båtruter saman med realisering av Stad skipstunnel for å opne nye bu- og arbeidsmarknader nordover. Hurtigbåt Bergen-Ålesund for å utvide bu-, arbeids-, og reiselivsmarknaden både nordover er ønska utgreidd av fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.


Større strekningsvise farleitiltak vil gi gjennomgående god standard i hovud- og bilei, og dette gir auka framkome og sikkerheit for skipstrafikken.

Meir gods frå veg til sjø for å få tungtrafikk vekk frå smale vegar og meir klimavenndleg transport, samtidig som ein ser på ny organisering av hamnene (samanslåing) for samordning av avgifter og effektiv drift. Eksportretta transport går i stor grad på båt og innanlands transport går mest på veg.

Betre digital infrastruktur som grunnlag for næringsutvikling langs heile kyststripa og auka tryggleik.

Realisering av hydrogendriven hurtigbåt som utstillingsvindauge for grøn teknologi.

Ein ser av figuren under at dei store pendlarstraumane til/frå kystkommunane går aust/vest, ikkje nord/sør. Betre samferdsletilbod nord/sør vil gje auka attraktivitet for kystkommunane, gjennom å gjere arbeidsmarknaden både større og meir kunnskaps- og kompetansespreidd.



Figur 4-1: Dei største pendlingsstraumar i fylket, berre dei med over 40 pendlarar. Kjelde: SSB-tabell 07984.

Naturmangfald og friluftsliv

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Ein del område er omfatta av nasjonale og lokale vern, samtidig som dei er ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar. Kartlegging og arealplanlegging er sentrale gjeremål for avklaring av bruk og vern.

Gjeldande planar og kunnskapskjelder

Ei lang rekke nasjonale og regionale rammer, planar og strategiar gjeld kring bruk og vern av sjøareala og strandsona. Ulike fagetatar og styresmakter har kartbasar for sine tema opne på nett. Under har vi lista opp ei rekke relevante kunnskapskjelder og planar:

- Fylkesatlas er eit kartteneste frå Fylkesmannen og fylkeskommunen som gir ei samla oversikt over sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og ei lang rekke kartfesta fagtema (nær komplett).
- Fylkeskommunen sin plan for vindkraft 2011, har ein omfattande faktadel med relevante tema for kysten. Stikkord er landskap, biologisk mangfald, friluftsliv, reiseliv, landbruk, sjøfart m.m.
- Fylkeskommunen sin verdiskapingsplan 2014, har mellom anna tiltak som gjeld kartlegging av sjøbotn og kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora som er i gang. Prosjektet Multikriterieanalyse er starta opp for å bidra til tilrettelegging av temadata, som grunnlag for å gjere ei konfliktanalyse mellom ulike relevante tema for planlegging i sjø.
- Kommuneplanane i kvar kommune omfattar også areal i sjø. Enkelte kommunar har oppdaterte planar, medan andre er gamle og etter kvart lite relevante for dagens problemstillingar.
- Fylkeskommunen sin regional plan for klimaomstilling (under arbeid) dekkjer fleire tema som er relevante for kysten.

Kunnskap, analyser og erfaringar

Regjeringa sin havstrategi rettar stor merksemd mot kystsona, og ei lang rekke offentlege og private aktørar arbeider med kunnskapsgrunnlag og utvikling retta mot sjøen. Mange regionar arbeider no med felles arealplanar for sjøområda fordi dei meiner det er viktig for samfunnsutviklinga. Døme er plan for Sunnhordaland og ytre Hardanger, plan for Romsdalsfjorden og plan for Tromsøregionen. Nokre av dei er fylkeskommunale planar og andre er interkommunale planar med fylkeskommunen som medspelar.

Kommunane sjølv, næringslivet på kysten og regionale styresmakter peikar på at oppdaterte kommunale arealplanar langs heile kysten er eit avgjerande grunnlag for å sikre areal til både bruk og vern langs kysten. Tilbakemeldingane er ikkje eintydige på om det skal vere felles planlegging, men det er samstemt peika på behovet for samordning.


Potensial for utvikling

Ei grundig kartlegging og oppdatering av temadata (er starta opp) gjev grunnlag for tydelegare arealavklaringar mellom ulike interesser.

Eit overordna felles planarbeid langs kysten som gjev føringar og legg opp til balanse mellom bruk og vern. Dette inneber at næringslivet på kysten får høve til auke og endringar i nokre område, medan det vert lagt meir avgrensingar på andre område. Sjå figur under som viser planstatus i kommunane.

Når det gjeld klima og ureining er det nokre punkt som peikar seg ut til å vere særskilt relevante for kysten:

- Kysten har mellom anna rikeleg tilgang til ulike typar havenergi
- Utvikling av transportsektoren med utsleppsreduksjon og omlegging til grøn industri
- Tema ureining av havet og miljørydding.



Figur 5: Status for samfunns- og arealdelar i kommunane sine kommuneplanar.

Vedlegg

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029, Kunnskapsgrunnlag



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no

Framside: NM i bølgesurf
Foto: Stad surfeklubb